

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Agdenes

Emne: FOLKEMEDISIN

Bygdelag.

Oppskr. av: Arne Elven

Gard: Elva

(adresse): Fenes

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I. Husråd - kjerringråd.

1. Meininga om sjukdom har skifta mykje i dei siste 70 - 80 år. Dette er vel ikkje så lang tid attende, men fyre denne tida visste folk ikkje om så mange sjukdomsgreiner som dei gjer no og tok heller ikkje alt vondt så reint ålvorlegt. For langtøggjande sjukdomar søkte dei sjeldan lækjeråd, - noko som i dei fleste tilfelde gjekk over den sjuke si økonomiske evne, og så var det 3 - 4 mil sjøveg med robåt til distriktslækjaren. I bråe, kvasse tilfelde - slike som var meir pinslege og difor heldt for å vera fårlege - vart lækjaren for det meste søkt eller henta. Med omsyn til å vera "hardfør" (herdig) så har denne evna vorte veikare, er det truleg. Elles har ikkje denne eigenskap mange høve til å syne seg no i "vår" tid, no vi jamnt over har mat og kleda, så vi ikkje treng røyne oss mot svolt og frost, og i arbeidslivet går så mykje med maskinar og arbeidsgogner av alle slag både tillands og tilsjøs, at kroppslig herdigskap lite kjem til syne. I sjukdom og skadefall er det så mange råder, at heller ikkje der er jamnt over serleg trong til herdigskap. Så bli ikkje denne evna heldt oppe. Mesta alt er vorte lett og lettvindt - eit steg ned kulturelt og materielt.
2. Dei visste om smitte, men ikkje av mange slags sjukdomar. Men av difterit, tyfus (som var kalla nervefeber), krigda og kikhoste og tub.(tæring). "Forkjølelse" var ikkje smitsam. Ja, eine-ber var rekna som råd mot smitte, og skråtobak.
3. Ferdig medisin til bruk mot sjukdomar hadde så godt som ingen. Det einaste dei hadde lite grann av var brennvin, gjerne tilsett med kamferdropar - til råd mot dei fleste sjukdomar - og så visste dei av eit gras, "geitaklauv", turka for gjøymsle og utkøkt til eit slags "te" til drikk mot krimsjuke.
- 4.
5. Hå prest eller jordmor kunde dei ikkje få i medisin, sjølv om dei hadde, for dit var det fleire mil tilsjöss.
6. Kvae ("kov") har ikkje vore kjendt som medisin, men

men tjera (tjuru) og bek på sår, men dette helst på dyr.  
"Smør på tjera", sa dei!

Elles vart brukt på sår ymse råder, som var forfællande: Ein tømmermann hogg seg i eine foten og fekk den råa å strø i salt i såret. Det vart slik forfællande pine, at han vart reint rasande. Mannen var frå Skaun og het Ole Jensen. Dette var kring år 1870. Kring år 1930 var her ein ungdom (16 - 17 år) som hogg seg på eine handa. Kona i huset smurde i såret smør og batt-om ein klut.

7. Treak (eller teak ?) veit eg mest ikkje kva det er, men kanskje det er eit samankok pålag som lokris. og som er til bruk mot krimsjuke, men her er dette ikkje kjent eller brukt.
8. Dyvelsdrekk eller "dyvelstrek" som det har vore sagt her, har vore godt kjendt før, men ikkje omtala eller brukt i seinare tid. Det var å få på apotek og vart smurt eller skvetta på føterne og fotbunaden åt gjetarbonna til vern og skremsle for ormen.
9. Eg veit ikkje av nokon som samla inn plantar til medisin. Likevel var det kanskje einkvan som hadde greie på medisinske plantar. Ein mann, Sivert Berg fødd kring 1850, hadde greie på, at kjerringrokk var giftig, men kunde brukast mot utslett (exem).
10. .
11. .
12. Kramkarar trur eg ikkje hadde medisin til vanleg salg. Men det var ein omfarar, som dei sa kalla seg dokter som gav råd åt ein for mageonde. (Det var kring år 1890). Han skulde ikkje bruke fløyte i kaffen, og så ga han ein kraftig dram, som reiv reint forferdeleg, men mannen vart betre og bra i lang tid etterpå.
13. Oppskreve kunnskap om medisin var det ikkje
14. Gamle lækjevøker eller andre prenta skrifter har det sikkert ikkje vore her. Men ei bok frå nyare tid, "Huslægen" av M.Larsen, Skollenborg, M.Larsen's forlag, prenta i 1887, var kjøpt og er no her i huset.
15. Ei husråd mot forkjøling, vondt i halsen og brystet var å leggja ein talga klut over øvre part av brystet, og mot tannpine varmt vassomslag på kjekan'.

## II. Bygdalækjarar.

Om dette emne er det ikkje noko serleg å segja, da det ingen "bygdalækjar" har vore her. Men i granne-grenda attmed oss var det ei kona som "koppa" folk. Ho døydde i 1950 - var det visst. Som reidskap hadde ho som eit lite "hus" - oml. 2 x 3 cm. - av massing og inni der var det eit sett små "økser", som var på ein måte saman i "rota" og kunde spennast opp i ei fjer. Så la ho dette huset nedåt skinnet og klemte på ein "utløysar", så hogg da alle dei små øksen' til samstundes - 9 i talet - og laga kvar sitt sår i skinnet. Så sette ho eit til dette bruk tilmåta oksehonn over sårskjera, og gjenom eit fint hol i honnspissen saug ho lufta ut, så blodet - og vondskapen - lett og

rikeleg. Over "sugeholet" i honnet var lagd ein tynn mjuk sjå av dyreinnavol som stengsle, så lufta ikkje straks skulde fara inn i honnet.

Ein annan "bygdalækjar" i Hemne var Erik Holla (eller Berg?) Han livde da ei hardfengd difteritfæring herja så voldsomt serleg i Snilfjord og Hemne kring 1885-90, og mange døydde. Han og distriktslækjaren for begge hos dei sjuke. Erik berga omlag alle, men distriktslækjaren få eller ingen, var det sagt. Tilslut gav distr.l. opp og bad folk søke hjelp av Erik. Men om dette kan vel nokon i Hemne eller Snilfjord gi betre greie.

Framande mål var det ingen som kunne. Også no er det smått stell i så måte - kanskje høgt rekna ½ %.

---